

Helse- og omsorgsdepartementet

**Servicetorg og  
 arkiv**

Edvard Storms veg 2  
2680 Vågå  
Bankgiro: 2085.07.70000  
E-post: postmottak@vaga.kommune.no

Vår ref.  
2010/59/189/

Dykkar ref:

Saksbehandlar  
Kari Steihaug

Dato  
04.04.2014

- **Særutskrift sak 10/14 i HOKO: Høringsuttale - forslag om endring av alkohollova**

Vedlagt følger særutskrift av sak 10/14 i Hovedutval for oppvekst, kultur og omsorg i møte 25. mars 2014.

- Med helsing

Kari Steihaug  
Kontormedarbeidar



## Vågå kommune

Arkivsak: 2010/59 -184

Arkiv:

Saksbehandlar:

Helge de Presno / Svein Holen

Utv.saksnr	Utval	Møtedato
10/14	Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg	25.03.2014

### Høringsuttale - forslag om endring av alkohollova

#### Vedlegg:

- Høringsnotat 27. januar 2014 frå Helse- og omsorgsdepartementet: «Forslag om endring av lov 2. juni 1989 nr. 27 om omsetning av alkoholholdig drikk m.v. (alkoholoven) – åpningsdager for salg av alkoholholdig drikk m.v.».

#### Saksframlegg:

Helse- og omsorgsdepartementet har sendt forslag til endringar i alkohollova på høring. Høringsnotatet inneheld forslag om å opne for at AS Vinmonopolet kan halde sine butikkar opne jul-, nyttårs-, påske- og pinseaftan. Det blir vidare gjort framlegg om å opne for sal av alkoholholdig drikk frå AS Vinmonopolet og daglegvarebutikkar på valdagar og dagar for folkeavstemming. Høringsinstansane blir også bedne om å vurdere om det bør gjerast endringar i regelverket for når det kan skje utlevering av alkoholholdig drikk bestilt via internett eller telefon frå AS Vinmonopolet.

Høringsfristen er 28. april 2014.

Ruskoordinatoren i Nord-Gudbrandsdalen har utarbeidd forslag til felles høringsuttale på vegne av kommunane i regionen.

#### Vurdering:

Rådmannen støttar den regionale ruskoordinatoren sitt forslag til uttale.

#### Delegasjon:

Ingen konsekvensar for delegasjonsreglementet.

#### Rådmannens innstilling:

Det er Vågå kommune si oppfatning at høringsforslaget tek utgangspunkt i reint praktiske spørsmål om serviceholdningar, og det hevdar at det er nødvendige tiltak for å sikre god oppslutning om vinmonopolordninga.

Norge har gjennom alkohollova praktisert ein restriktiv alkoholpolitikk med tanke på sals- og opningstider. Det er gjennom brei forskning vist at utvida opningstider fører til auka

alkoholkonsum, og at restriktive holdningar reduserer alkoholkonsumet. Samtidig veit vi at det ikkje er tilrådeleg å lette tilgjenge til alkohol inn mot høgtider og andre fridagar, fordi impuls kjøp i siste liten ofte skjer av personar og i familiar der det allereie er eit stort alkoholforbruk.

Det ser ut til at fleirtalet i befolkninga aksepterer restriksjonar på sal og skjenking av alkohol, for å sikre den delen av befolkninga som har utfordringar knytt til bruk av alkohol. Forsking viser klart at redusert alkoholkonsum reduserer alkoholmisbruk og skadar.

Vågå kommune ser på bakgrunn av dette ingen grunn til å endre alkohollova slik Helse- og omsorgsdepartementet skisserer i sitt høringsnotat.

## **Saksprotokoll i Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg - 25.03.2014**

### **Behandling:**

Samrøystes.

### **Vedtak:**

Det er Vågå kommune si oppfatning at høringsforslaget tek utgangspunkt i reint praktiske spørsmål om serviceholdningar, og det hevdar at det er nødvendige tiltak for å sikre god oppslutning om vinmonopolordninga.

Norge har gjennom alkohollova praktisert ein restriktiv alkoholpolitikk med tanke på sals- og opningstider. Det er gjennom brei forskning vist at utvida opningstider fører til auka alkoholkonsum, og at restriktive holdningar reduserer alkoholkonsumet. Samtidig veit vi at det ikkje er tilrådeleg å lette tilgjenge til alkohol inn mot høgtider og andre fridagar, fordi impuls kjøp i siste liten ofte skjer av personar og i familiar der det allereie er eit stort alkoholforbruk.

Det ser ut til at fleirtalet i befolkninga aksepterer restriksjonar på sal og skjenking av alkohol, for å sikre den delen av befolkninga som har utfordringar knytt til bruk av alkohol. Forsking viser klart at redusert alkoholkonsum reduserer alkoholmisbruk og skadar.

Vågå kommune ser på bakgrunn av dette ingen grunn til å endre alkohollova slik Helse- og omsorgsdepartementet skisserer i sitt høringsnotat.